<p><b>Delstudium i utlandet</b> Study period abroad</p>	<p>DuEin kan ta delar av bachelorutdanninga si som utvekslingsstudent i eit anna land. DuEin kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringa i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Studentar som ønskjer å dra på utveksling som del av spesialiseringa, blir tilrådde å gjera dette på 200-nivå.</p> <p>Emna må førehandsgodkjennast av UiB.</p> <p>Det er sterkt tilrådd og tilrettelagt for at studentane tar delar av programmet som utvekslingsstudent i eit anna land, anten for å ta delar av spesialiseringa eller for å ta valemne.</p> <p>Tilrådde utvekslingsstader finn ein på nettsida til studieprogrammet <a href="http://www.uib.no/studieprogram/BAHF-ITAL">www.uib.no/studieprogram/BAHF-ITAL</a>.</p> <p>Ein kan òg velje frå Universitetet i Bergen sine avtaler med studiestader i heile verda. All informasjon om utveksling finn ein på <a href="http://www.uib.no/utveksling">www.uib.no/utveksling</a>.</p>
<p><b>Undervisningsmetodar</b> Teaching methods</p>	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.</p> <p>Sjå emneplanen for det einstilte emnet.</p> <p>Gjennom ulike undervisningsformer får studentane høve til å studere og nærme seg faget på ulike måtar. Undervisninga er forskingsbasert og føreset aktiv deltaking frå studentane.</p> <p>Arbeidsmetodar og undervisningsformer kan vere førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåver, problembasert læring, rettleiing og praktisk bruk av digitale verktøy.</p> <p>For nærare informasjon, sjå dei einstilte emneplanane.</p>

<p><b>Vurderingsformer</b> Assessment methods</p>	<p><del>Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, til dømes ved rettleidd oppgåve, skuleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve.</del></p> <p><del>Sjå emneplanen for det einskilte emnet.</del></p> <p>Gjennom studiet møter studentane ulike vurderingsformer. Til dømes skriftleg skuleeksamen, rettleidd oppgåve, heimeeksamen, munnleg presentasjon, munnleg prøve og mappevurdering.</p> <p>Vurderingsformene er tilpassa læringsutbyttet i dei ulike emna. For nærare informasjon om vurderingsformer, sjå dei einskilde emneplanane.</p>
<p><b>Litteraturliste</b> Reading list</p>	<p><del>Litteraturlista blir publisert på nettsidene innan 01.06 / 01.01 for det komande semesteret.</del></p> <p>Litteraturliste finn ein på det einskilde emnet si nettside. Litteraturlista skal være klar innan 01.06 for haustsemesteret, og innan 01.12 for vårsemesteret.</p> <p>NB: Merk at det ikkje finst litteraturlister til alle emne – i nokre emne skal studentane til dømes sjølv velje litteratur i samråd med lærar eller rettleiar.</p>
<p><b>Karakterskala</b> Grading scale</p>	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) A-F, der F er stryk</li> <li>2) Greidd/ikkje greidd</li> </ol>
<p><b>Vitnemål og vitnemålstillegg</b> Diploma and Diploma Supplement</p>	<p>Vitnemål blir skriva ut etter at graden er fullført.</p>

<p><b>Grunnlag for vidare studium</b> Access to further studies</p>	<p><b>Bachelorprogrammet i italiensk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i italiensk.</b> <b>Med eit karaktersnitt på C i spesialiseringa kvalifiserer programmet for opptak til masterprogram i italiensk ved UiB.</b></p> <p><b>Studentar som planlegg å ta PPU, må sørge for å få dekket opptakskrava i løpet av studiet sitt. Informasjon finn ein på <a href="http://www.uib.no/studieprogram/PRAPED">www.uib.no/studieprogram/PRAPED</a></b></p>
-------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

<p><b>Relevans for arbeidsliv</b> Employability</p>	<p>Gode kunnskapar i italiensk språk og kultur er etterspurde innanfor <b>visse segment av</b> næringsliv, informasjonsarbeid, media, omsetjing og kulturliv. Italia er ein viktig handelspartner for Noreg. Turistnæringa er òg svært viktig for begge landa. Noreg er eit populært reisemål for italienske turistar, og potensialet for vidareutvikling er stort. Italienskstudiet, kombinert med eit anna skulefag og praktisk-pedagogisk utdanning, kvalifiserer for undervisning innanfor skuleverket.</p>
<p><b>Evaluering</b> Evaluation</p>	<p>Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no.</p>
<p><b>Skikksamheitvurdering og autorisasjon</b> Suitability and authorisation</p>	<p><b>Programmet har ikkje krav om skikksamheitvurdering eller autorisasjon.</b></p>
<p><b>Programansvarleg</b> Programme committee</p>	<p>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.</p>
<p><b>Administrativt ansvarleg</b> Administrative responsibility</p>	<p>Det humanistiske fakultet <del>er</del> <b>gjennom</b> Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.</p>
<p><b>Kontaktinformasjon</b> Contact information</p>	<p><b>Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: <a href="mailto:Studierettleiar@if.uib.no">Studierettleiar@if.uib.no</a></b> <b>Tlf 55 58 93 70</b></p>

**VITNEMÅLSTEKSTAR:**

## STUDIETS MÅLSETJING (NYNORSK)

Bachelorgraden i italiensk inneheld eit førstesemesterstudium, halvanna års studium i italiensk språk, litteratur og ~~historiekulturkunnskap~~ og eitt års studium av kompletterande fag. Italienskstudiet har som mål å gje generelle og spesialiserte kunnskapar i italiensk språk, litteratur og kultur. ~~Studiet gjev dessutan grunnleggjande kunnskapar om nyare italiensk historie og samfunnstillhøve.~~ Gjennom at undervisninga er på italiensk, gjennom arbeidet med pensumtekstene og bruken av ulike læringsformer, får ein god praktisk dugleik i munnleg og skriftleg italiensk, samstundes som ein utviklar ei sjølvstendig og reflekterande haldning til stoffet. Spesialiseringa i italiensk er sett saman av ~~seks~~ emne fordelte på italiensk lingvistik (grammatikk, ~~munleg italiensk og omsetjing~~), litteratur og kultur. ~~og delar av nyare historie.~~ Fordjupingsemna gjev større teoretisk innsikt og praktisk dugleik innanfor disiplinane italiensk grammatikk, ~~omsetjing~~ og litteraturvitskap.

## STUDIETS MÅLSETTING (BOKMÅL)

Bachelorgraden i italiensk består av et førstesemesterstudium, halvannet års studium i italiensk språk, litteratur og historie og eitt års studium av kompletterende fag. Italienskstudiet har som mål å gi generelle og spesialiserte kunnskaper i italiensk språk, litteratur og kultur. ~~Studiet gir dessuten grunnleggende kunnskaper om nyere italiensk historie og samfunnsforhold.~~ Gjennom at undervisningen gis på italiensk, gjennom arbeidet med pensumtekstene og bruken av ulike læringsformer, tilegner man seg gode praktiske ferdigheter i muntlig og skriftlig italiensk, samtidig som man utvikler en selvstendig og reflekterende holdning til stoffet. Spesialiseringen i italiensk består av ~~seks~~ emner fordelt på italiensk lingvistik (grammatikk, ~~muntlig italiensk og oversettelse~~), litteratur og kultur. ~~deler av nyere historie.~~ Fordypningsemnene gir større teoretisk innsikt og praktiske ferdigheter innenfor disiplinene italiensk grammatikk, ~~oversettelse~~ og litteraturvitenskap.

## Utdanningsplan bachelorprogram i italiensk

<b>1.SEM</b>	<b>EX.PHIL</b>	<b>10 stp</b>	<b>F</b>
haust	<b>EX.FAC.</b>	<b>10 stp</b>	<b>F</b>
	<b>ITAL100</b>	<b>10 stp</b>	
<b>2.SEM</b>	<del>ITAL111</del> /ITAL121	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
vår	<del>ITAL113</del> /ITAL123	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
	<b>ITAL125 (nytt emne)</b>	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
<b>3 SEM</b>	<del>ITAL112</del> /ITAL122	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
haust	<del>ITAL114</del> /ITAL124	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
	<b>Obligatorisk fellesemne: SEK100 Samanliknande europeiske kulturstudium</b>	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
<b>4.SEM</b>	<del>ITAL201</del> /ITAL203	<b>15 stp</b>	<b>SO</b>
vår	<del>ITAL252</del> /ITAL250	<b>10 stp</b>	<b>SO</b>
	<b>Obligatorisk fellesemne: LITTIF200 Litteraturteori</b>	<b>5 stp</b>	<b>SO</b>
<b>5.SEM</b>	<b>Frie studiepoeng</b>	<b>30 stp</b>	<b>V</b>
haust			
<b>6.SEM</b>	<b>Frie studiepoeng</b>	<b>30 stp</b>	<b>V</b>
vår			

## EMNEOMTALAR



Emnekode	ITAL100
Namn på emnet, nynorsk	Innføring i italiensk
Namn på emnet, bokmål	Innføring i italiensk
Namn på emnet, engelsk	Introductory Course in Italian
Studiepoeng, omfang	10
Studienivå, -syklus	Bachelor
Fulltid/deltid	<del>Fulltid/deltid</del>
Undervisningsspråk	Italiensk og norsk
Undervisningssemester	Hautst
Undervisningsstad	Bergen
Mål og innhald	Emnet gjev ei elementær innføring i moderne italiensk. <del>Det er basert på ein lærepakke og skal kunne utgjere grunnlaget for vidare studium i italiensk. For studentar som ikkje kan dokumentera tilsvarende kunnskapar, er ITAL100 eit tilrådd emne for å kunna gå vidare med italiensk bachelorstudium.</del>
Læringsutbytte	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:</p> <p><b>Kunnskap</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har tileigna seg hovuddraga i italiensk uttale og grammatikk og det grunnleggjande ordtilfanget og dermed skaffa seg grunnlag for vidare studium i italiensk.</li> </ul> <p><b>Dugleik</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan kommunisere på italiensk på eit elementært nivå.</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har ei viss innsikt i italienske samfunnstilhøve og kultur</li> </ul>

	<p>som kan kome til nytte både i andre studium og i yrkeslivet.</p> <p>Etter fullført emne:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>— har tileigna seg grunnleggjande italiensk grammatikk og uttale</li> <li>— har fått noko innsikt i italienske samfunnstilhøve og kultur</li> </ul> <p><u>Dugleik</u> Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>— har fått grunnlag for vidare studium i italiensk</li> </ul> <p><u>Generell kompetanse</u> Studentane</p> <p>har fått noko innsikt i italienske samfunnstilhøve og kultur som kan koma til nytte både i andre studium og i yrkeslivet</p>
<b>Krav til forkunnskapar</b>	Ingen
<b>Tilrådte forkunnskapar</b>	<p>Det er ein føremon om studentane på førehand har byrja å lære seg enkel italiensk.</p> <p><del>ITAL100 byggjer ikkje på eksisterande kunnskapar i italiensk, men set krav til evne og vilje til uthaldande arbeid.</del></p>
<b>Studiepoengsreduksjon</b>	<p>På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengtellinga for ITAL100 redusert med 10 studiepoeng dersom emnet blir kombinert med ITAL001 eller ITAL002.</p> <p><del>ITAL001 (10 stp) og med det tidlige emnet ITAL002 (10 stp)</del></p>
<b>Krav til studierett</b>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
<b>Arbeids- og undervisningsformer</b>	<p>Undervisninga i emnet har form av førelesingar og seminarverksemd.</p> <p>Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere 2 dobbeltimar førelesing (det vil seie 4 undervisningstimar) og 2 timar oppgåveseminar kvar veke i ein periode på til saman 10 veker.</p>

	<p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p> <p><del>Undervisninga er organisert som fellesundervisning og gruppearbeid med mykje studentaktivitetar. Det finst tilbod om sjølvinstruerande støtteopplegg i multimedialab. Om lag 6 timar i veka i 12 veker.</del></p> <p><del>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</del></p>
<p><b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b></p>	<p><del>Ingen</del></p> <p>Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Oppmøtet blir kontrollert.</p> <p>Godkjenninga av det obligatoriske arbeidskravet er berre gyldig i det semesteret det er gjennomført og i semesteret etter.</p>
<p><b>Vurderingsformer</b></p>	<p>Vurderingsforma i emnet er ein munnleg eksamen for det meste på italiensk på omlag 20 minutt. Eksamen vil vere knytt til ein av tekstane det har vore arbeidd med i undervisninga.</p> <p><del>Ein avsluttande skriftleg skoleeksamen på 2 timar som inneheld grammatiske oppgåver samt munnleg eksamen. Den munnlege eksamenen har form av samtale på italiensk. For den samla karakteren tel dei to delane likt. Begge delar må vera greidde for å få samla karakter.</del></p>

	<del>Skoleeksamen kan bli digital.</del>
<b>Hjelpemiddel til eksamen</b>	Ingen
<b>Karakterskala</b>	<p><del>Det blir nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.</del></p> <p><del>Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, der F er stryk.</del></p>
<b>Vurderingssemester</b>	<p><del>Haut. Det er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av det obligatoriske arbeidskravet frå semesteret før.</del></p> <p><del>Det blir arrangert eksamen i ITAL100 kvart semester. Regulær eksamen på slutten av undervisningssemesteret og utsatt eksamen midt i påfølgjande semester</del></p>
<b>Litteraturliste</b>	<p><del>Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar på "Mitt UiB" innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret. Det vert nytta ein undervisningspakke i italiensk på innføringsnivå.</del></p> <p><del>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.</del></p>
<b>Emneevaluering</b>	Emneevalueringar bli gjennomførde i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
<b>Programansvarleg</b>	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
<b>Emneansvarleg</b>	<del>Programstyret for italiensk</del>
<b>Administrativt ansvarleg</b>	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b>	Studierettleiar: <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a> Eksamensadministrasjon: <a href="mailto:eksamen@if.uib.no">eksamen@if.uib.no</a>

<b>Emnekode</b>	ITAL111/ITAL121
<b>Namn på emnet, nynorsk</b>	Italiensk språk 1
<b>Namn på emnet, bokmål</b>	Italiensk språk 1
<b>Namn på emnet, engelsk</b>	Italian Language, Part One
<b>Studiepoeng, omfang</b>	10
<b>Studienivå, -syklus</b>	Bachelor
<b>Undervisningsspråk</b>	Italiensk og norsk
<b>Undervisningssemester</b>	Vår
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Mål og innhald</b>	<p>Emnet har som mål å gje ei første systematisk innføring i italiensk grammatikk.</p> <p>Øvingane som inngår i emnet, har som mål å integrere grammatikken i studiet av enklare tekstar for å øve opp evna hjå studentane til å forstå italiensk og sjølve kunne uttrykkje seg.</p>
<b>Læringsutbytte</b>	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:</p> <p><b>Kunnskap</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <p>– har kunnskap om hovuddraga i einskilde sider av italiensk grammatikk.</p>

	<p><b>Dugleik</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– kan forstå og gjere greie for utvalde grammatiske problemstillingar</li> <li>– kan bruke desse kunnskapane i sitt vidare studium av italiensk.</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– kan gjennomføre eit prosjekt som strekkjer seg over tid</li> <li>– kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling knytt til fagstoff.</li> </ul>
<b>Krav til forkunnskapar</b>	Ingen
<b>Tilrådde forkunnskapar</b>	Italienskkunnskapar minst på nivå med dei som emnet ITAL100 gjev.
<b>Studiepoengsreduksjon</b>	På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengutteljinga for ITAL121 redusert med 10 studiepoeng dersom emnet blir kombinert med ITAL111 eller ITAL101.
<b>Krav til studierett</b>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
<b>Arbeids- og undervisningsformer</b>	<p>Undervisninga i emnet har form av førelesingar og seminarverksemd med øvingar.</p> <p>Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing (det vil seie 2 undervisningstimar) og 2 timar oppgåveseminar kvar veke i ein periode på til saman 10 veker.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>

<b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b>	<p>Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Oppmøtet blir kontrollert.</p> <p>Godkjenninga av det obligatoriske arbeidskravet er berre gyldig i det semesteret det blir gjennomført og i semesteret etter.</p>
<b>Vurderingsformer</b>	<p>Vurderingsforma i emnet er ein skriftleg eksamen på 4 timar. Eksamen består av fleire delspørsmål som tek opp problem det har vore arbeidd med i undervisninga. Både norsk og italiensk kan nyttast på prøva.</p>
<b>Hjelpemiddel til eksamen</b>	<p>Italiensk-italiensk ordbok, som studentane sjølve lyt ha med seg til eksamen.</p>
<b>Karakterskala</b>	<p>Det blir nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.</p>
<b>Vurderingssemester</b>	<p>Vår. Det er òg vurdering tidleg i hausemesteret for studentar med gyldig godkjenning av det obligatoriske arbeidskravet frå semesteret før.</p>
<b>Litteraturliste</b>	<p>Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar på "Mitt UiB" innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.</p>
<b>Emneevaluering</b>	<p>Undervisningsopplegget blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.</p>
<b>Programansvarleg</b>	<p>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</p>
<b>Emneansvarleg</b>	<p>Programstyret for italiensk <del>Europeiske språk og litteraturar.</del></p>
<b>Administrativt ansvarleg</b>	<p>Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</p>
<b>Kontaktinformasjon</b>	<p>Studierettleiar: <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>  Eksamensadministrasjon: <a href="mailto:eksamen@if.uib.no">eksamen@if.uib.no</a></p>

<b>Emnekode</b>	ITAL112/ITAL122
<b>Namn på emnet, nynorsk</b>	Italiensk litteratur
<b>Namn på emnet, bokmål</b>	Italiensk litteratur
<b>Course Title, English</b>	Italian Literature
<b>Studiepoeng, omfang</b>	10
<b>Studienivå, studiesyklus</b>	Bachelor
<b>Undervisningsspråk</b>	Italiensk
<b>Undervisningssemester</b>	Haust
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Mål og innhald</b>	<p>Emnet har som mål å gje ei innføring i italienskspråkleg litteratur og litteraturhistorie frå byrjinga det 19. hundreåret og fram til vår tid.</p> <p>Emnet siktar mot å utvikle evna hjå studentane til å lese og tolke skjønnlitterære tekstar gjennom øving i litterær analyse på grunnlag av kunnskap om dei aktuelle periodane og forfattarane.</p> <p>Emnet omfattar studium av sentrale tekstar i nyare italiensk litteratur. I studiet av tekstane blir merksemda retta mot dei litterære og språklege verkemidla og korleis tekstane er knytte til italiensk historie og kultur.</p>



<p><b>Læringsutbytte</b></p>	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:</p> <p><b>Kunnskap</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har kunnskap om pensumtekstane og kjennskap til den kulturelle konteksten deira</li> <li>- har kunnskap om hovudlinene i italiensk litteraturhistorie frå byrjinga av det 19. hundreåret og fram til vår tid</li> <li>- kjenner til nokre sentrale litterære teknikkar og bruken av dei i dei ulike tekstgenrane.</li> </ul> <p><b>Dugleik</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan gjere greie for tematiske og formelle aspekt ved pensumtekstane både skriftleg og munnleg</li> <li>- kan plassere pensumtekstane i høve til hovudlinene i italiensk litteraturhistorie</li> <li>-kan bruke kunnskapane sine om litterære teknikkar og tema i sjølvstendige analysar og drøftingar av pensumtekstar.</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan gjennomføre eit prosjekt som strekkjer seg over tid</li> <li>- kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling knytt til fagstoff</li> <li>- kan kommunisere på italiensk på eit nivå utover det elementære.</li> </ul>
<p><b>Krav til forkunnskapar</b></p>	<p>Ingen formelle krav; sjå tilrådde forkunnskapar for meir informasjon.</p>
<p><b>Tilrådde forkunnskapar</b></p>	<p>100-nivå i italiensk eller tilsvarande.</p> <p>Studentane bør ta våremna ITAL 121, ITAL123 og ITAL125 før ITAL122.</p>

<b>Studiepoengsreduksjon</b>	På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengutteljinga for ITAL122 redusert med 10 studiepoeng dersom emnet blir kombinert med ITAL112 eller ITAL102.
<b>Krav til studierett</b>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
<b>Arbeids- og undervisningsformer</b>	Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing (altså 2 undervisningstimar) og 2 timar seminar kvar veke i ein periode på 10 veker. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
<b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b>	Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Oppmøtet blir kontrollert. I løpet av semesteret skal det haldast eit munnleg innlegg på omlag 10 minutt og skrivast ei øvingsoppgåve på omlag 500 ord. Godkjenninga av dei obligatoriske arbeidskrava er berre gyldig i det semesteret desse blir gjennomførde og i semesteret etter.
<b>Vurderingsformer</b>	Semesteroppgåve på om lag 1800 ord skriven på fire veker parallelt med undervisninga i andre halvdelan av semesteret. Semesteroppgåva skal skrivast på italiensk.
<b>Hjelpemiddel ved eksamen</b>	Ikkje aktuelt.
<b>Karakterskala</b>	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
<b>Vurderingssemester</b>	Haut. Det er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av dei obligatoriske arbeidskrava frå semesteret før.
<b>Litteraturliste</b>	Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar på "Mitt UiB" innan 1. juni

	<p>for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.</p> <p>Ein lyt òg skaffe seg grundigare kjennskap til forfattarane som er på pensum. Stoff om dei einskilde forfattarane finst i litteraturhistorier, leksika og kommentarbøker til pensumverka.</p>
<b>Emneevaluering</b>	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
<b>Programansvarleg</b>	Programstyret har ansvaret for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
<b>Emneansvarleg</b>	Programstyret for italiensk
<b>Administrativt ansvarleg</b>	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b>	<p>Studierettleiar: <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a></p> <p>Eksamensadministrasjon: <a href="mailto:eksamen@if.uib.no">eksamen@if.uib.no</a></p>

<b>Emnekode</b>	ITAL113/ITAL123
<b>Namn på emnet, nynorsk</b>	Munnleg italiensk med fonetikk
<b>Namn på emnet, bokmål</b>	Muntlig italiensk med fonetikk
<b>Namn på emnet, engelsk</b>	Spoken Italian and Phonetics
<b>Studiepoeng, omfang</b>	10
<b>Studienivå, -syklus</b>	Bachelor
<b>Undervisningsspråk</b>	Italiensk og norsk
<b>Undervisningssemester</b>	Vår
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Mål og innhald</b>	<p>Emnet har som mål å fremje evna hjå studentane til å uttrykkje seg munnleg på italiensk. Det skal òg gje ei innføring i italiensk fonetikk.</p> <p>Emnet baserer seg i stor grad på munnleg aktivitet med utgangspunkt i tekstar som tek opp sider ved det italienske samfunnet. Det blir òg nytta filmar som utgangspunkt for samtalar på italiensk.</p>
<b>Læringsutbytte</b>	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:</p> <p><b>Kunnskap</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har oversyn over prinsippa for italiensk uttale</li> <li>- Dei kjenner dei grunnleggjande prinsippa som gjeld for munnleg kommunikasjon på italiensk</li> <li>- Dei har òg kjennskap til hovuddrag i det italienske samfunnet.</li> </ul>

	<p><b>Dugleik</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan gjere greie for italiensk uttale</li> <li>- Dei kan òg bruke italiensk for å kommunisere munnleg på eit visst nivå.</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan gjennomføre eit prosjekt som strekkjer seg over tid</li> <li>- kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling knytt til fagstoff</li> <li>- kan vidareutvikle kunnskapane sine og eigen dugleik og forståing med tanke på vidare studium og yrkesliv.</li> </ul>
<b>Krav til forkunnskapar</b>	Ingen
<b>Tilrådde forkunnskapar</b>	Italienskkunnskapar på nivå med dei som emnet ITAL100 gjev.
<b>Studiepoengsreduksjon</b>	Ingen
<b>Krav til studierett</b>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
<b>Arbeids- og undervisningsformer</b>	<p>Undervisninga i emnet har form av seminarverksemd.</p> <p>Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere 2 timar seminar kvar veke i ein periode på til saman 10 veker. I tillegg kjem filmframsyning.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet.</p>

	Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
<b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b>	Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Oppmøtet blir kontrollert. Godkjenninga av det obligatoriske arbeidskravet er berre gyldig i det semesteret det er gjennomført og i semesteret etter.
<b>Vurderingsformer</b>	Vurderingsforma er ein munnleg eksamen på omlag 20 minutt.  Den munnlege prøva tek utgangspunkt i ein ukjend tekst av det slaget har det har vore arbeidd med i undervisninga.  Kandidatane får om lag 15 minutt til rådvelde for å studere teksten på førehand.
<b>Hjelpemiddel til eksamen</b>	Ingen
<b>Karakterskala</b>	Det blir nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.
<b>Vurderingssemester</b>	Vår. Det er òg vurdering tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav frå semesteret før.
<b>Litteraturliste</b>	Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar på "Mitt UiB" innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.
<b>Emneevaluering</b>	Undervisningsopplegget blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
<b>Programansvarleg</b>	Programstyret har ansvaret for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på

	studieprogrammet og alle emna der.
<b>Emneansvarleg</b>	Programstyret for italiensk
<b>Administrativt ansvarleg</b>	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b>	Studierettleiar: <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a> Eksamensadministrasjon: <a href="mailto:eksamen@if.uib.no">eksamen@if.uib.no</a>

<b>Emnekode</b>	ITAL114/ITAL124
<b>Namn på emnet, nynorsk</b>	Italiensk språk 2
<b>Namn på emnet, bokmål</b>	Italiensk språk 2
<b>Namn på emnet, engelsk</b>	Italian Language, Part Two
<b>Studiepoeng, omfang</b>	10
<b>Studienivå, -syklus</b>	Bachelor
<b>Undervisningsspråk</b>	Italiensk og norsk
<b>Undervisningssemester</b>	Haust
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Mål og innhald</b>	Emnet utgjer andre del av den systematiske innføringa i italiensk grammatikk.  Dei øvingane som inngår i emnet, har som mål å fremje evna hjå studentane til å sameine kunnskapar i grammatikk og leksikalske kunnskapar i arbeidet med å utforme eigne tekstar på italiensk.
<b>Læringsutbytte</b>	Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:  <b>Kunnskap</b>

	<p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har tileigna seg hovuddraga i moderne italiensk grammatikk.</li> </ul> <p><b>Dugleik</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan forstå og gjere for dei sentrale problema i italiensk grammatikk</li> <li>- Dei kan òg integrere den grammatiske kunnskapen i eigen språkleg praksis.</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p>Dei studentane som har gjennomført emnet,</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan gjennomføre eit prosjekt som strekkjer seg over tid</li> <li>- kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling knytt til fagstoff</li> <li>- kan vidareutvikle kunnskapane sine i ein studiekontekst eller i yrkeslivet</li> <li>- kan kommunisere på italiensk på eit nivå utover det elementære.</li> </ul>
<b>Krav til forkunnskapar</b>	Ingen
<b>Tilrådde forkunnskapar</b>	Emnet byggjer vidare på innhaldet i emnet ITAL121, og kunnskapar i italiensk grammatikk tilsvarande eit slikt nivå er ein føresetnad for å kunne arbeide med dette emnet.
<b>Studiepoengsreduksjon</b>	På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengutteljinga for ITAL124 redusert med 10 studiepoeng dersom emnet blir



	kombinert med ITAL114 eller ITAL104.
<b>Krav til studierett</b>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
<b>Arbeids- og undervisningsformer</b>	<p>Undervisninga i emnet har form av førelesningar og seminarverksemd.</p> <p>Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing (altså 2 undervisningstimar) og 2 timar oppgåveseminar kvar veke i ein periode på til saman 10 veker.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
<b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b>	<p>Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga. Oppmøtet blir kontrollert.</p> <p>Studentane skal òg levere ei skriftleg utgreiing på italiensk om eit grammatisk problem i løpet av semesteret. Denne oppgåva blir vurdert som godkjend/ikkje godkjend.</p> <p>Godkjenninga av dei obligatoriske arbeidskrava er berre gyldige i det semesteret dei er gjennomførde og i semesteret etter.</p>
<b>Vurderingsformer</b>	<p>Vurderingsforma i emnet er ein munnleg eksamen på omlag 30 minutt. Både italiensk og norsk kan nyttast på denne prøva.</p> <p>I den munnlege prøva, som til vanleg tar utgangspunkt i ein tekst, skal studentane syne at dei har oversikt over dei sentrale problema i italiensk grammatikk og at dei kan greie ut om dei i munnleg form.</p>
<b>Hjelpemiddel til</b>	Ingen

<b>eksamen</b>	
<b>Karakterskala</b>	Det blir nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.
<b>Vurderingssemester</b>	Hautst. Det er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav frå semesteret før.
<b>Litteraturliste</b>	Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar på "Mitt UiB" innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.
<b>Emneevaluering</b>	Undervisningsopplegget blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
<b>Programansvarleg</b>	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
<b>Emneansvarleg</b>	Programstyret for italiensk
<b>Administrativt ansvarleg</b>	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b>	Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no

<b>Emnekode</b>	ITAL125
<b>Namn på emnet, nynorsk</b>	Moderne italiensk kortprosa
<b>Namn på emnet, bokmål</b>	Moderne italiensk kortprosa
<b>Course Title, English</b>	Modern Italian Short Stories
<b>Studiepoeng, omfang</b>	10
<b>Studienivå, -syklus</b>	Bachelor
<b>Undervisningsspråk</b>	Italiensk og norsk
<b>Undervisningssemester</b>	Vår
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Mål og innhald</b>	<p>Emnet har som mål å byggje ut språkkunnskapane hjå studentane. Eit anna mål er å gje ei innføring i skjønnlitterære tekstar frå det 20. hundreåret.</p> <p>Emnet er basert på studium av eit utval kortprosatetekstar frå moderne italiensk litteratur. Tekstane skal studerast i eit språkleg og kulturhistorisk perspektiv.</p>

